



**LANDSSKYTTARSTEMNET 2017 I FØRDE**  
FØRDE SKYTTAR I SAMARBEID MED SKYTTARLAGA I  
HOLSEN, JØLSTER, FLORØ OG HYEN



Dato: 26.06.2014

Til  
Sogn og fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga

**Søknad om støtte til utbetring av Førde Skyttarstadion til LS-2017**

Vi viser til vår søknad 9. september 2013 med utfyllande opplysningar i e-post 5. april 2014 og diverse kontakt med Atle Skrede utover våren. Vi vart mellom anna bedne om å undersøkje om vi kan finansiere dette delvis som eit spelemiddelprosjekt, jamfør møte med oss og Trond Ueland i Førde kommune den 10. juni.

Vi har hatt kontakt med Ståle Haugen som er ein av tre grunneigarar og drøfta problemstillinga som følgjer med ein spelemiddelprosjekt, mellom anna avtale med grunneigarane på 30 år og det at desse traktorvegane i skytefeltet i Vasslia eventuelt ville bli spelemiddelfinansierte turveggar.

Ståle har for sin del ikkje noko innvendingar mot at vegen som ligg der i dag og området elles blir mykje brukt av folk som går på tur ut til Fauskevarden m.m. Dette er jo uansett styrt av allemannsretten til fri ferdsle i utmark. Men han forstår ikkje vitsen med å gjere det til eit meir formelt friluftsområde. Det kan på grunn av stigningsforhold og vegkvalitet uansett ikkje bli eit område tilrettelagt for barnevogn og rullestolar, berre tenk på den første bratte bakken på dagens veg både oppover lia og på heimveg.

Dessutan har grunneigarane framleis planar om å søkje på nytt om å få lage ei lita demning på Øvrestølsvatnet for å styre vassføringa lenger nede i vassdraget der dei har eit elvekraftverk. Dagens friluftsbruk vil ikkje få noko ulempe av denne vesle demninga. Men det er kanskje usikkert kva følgjer det kan få for desse planane viss området får auka status som friluftsområde.

I tillegg peikte han på nokre viktige formelle spørsmål, som vi også heilt klar ser problema med:

- Kven skal søkje på desse spelemidlane ?
- Kven skal stå som ansvarleg og halde vegane ved like i framtida slik at dei kan brukast av folk som er dårleg til beins og eller med barnevogn, rullestol m.m. ?
- Kva seier Forsvaret til slike planar om friluftsvegar, for det er jo dei som disponerer arealet i dag gjennom ein leigeavtale med grunneigarane? Området er jo i kommuneplanen sett av til skyte og øvingsområde for Forsvaret. Forsvaret har i mange år truga med å seie opp avtalen, noko dei einsidig kan gjere på kort varsel, men det ser no heldigvis ut som dei treng arealet likevel og har sagt skriftleg at dei i alle fall vil leige arealet til forbi 2017.

Vi forstår grunneigarane sine innvendingar, og når det gjeld Forsvaret si leige av området så ynskjer heller ikkje vi å oppføre oss slik at dei finn det best å seie opp heile avtalen for området. Det vil føre til tap for både grunneigarane og oss. Førde skyttarlag ser det heller ikkje som si oppgåve å drifte og halde ved like turveggar. Og vi har som nemnt tidlegare ikkje ein avtale for området på 30 år.

Sett på denne bakgrunn synest vi ikkje det er mogeleg å prøve å få til eit spelemiddelprosjekt for friluftsliv og med tilrettelegging for tilnærma universell utforming (rullestol m.m.) i dette området.

Vi vil samstundes peike på at det er svært viktig at vi no får svar på om Fylkeskommunen kan støtte opp under LS-2017 slik de tidlegare har sagt i samband med søknadsprosessen då vi

## Landskyttarstemnet 2017 i Førde

fekk tildelt arrangementet. Frå Førde kommunen har vi fått beskjed om at søknaden om økonomisk støtte vil bli vurdert av Bystyret etter sommaren.

Vi har jo lest i avisene at Fylkeskommunen seriøst vurderte om de måtte trekke støtta til EM i vektløfting i 2016, og viss noko liknande vurderingar ligg på bordet for LS i 2017 så må vi få beskjed så snart som råd. Vi har naturleg nok også eit ansvar i forhold til DFS sentralt som har tildelt oss arrangementet, og i forhold til ein eventuell alternativ arrangør for LS i 2017.

Vi ber derfor om ei snarleg avklaring på om spørsmålet om økonomisk støtte til LS-2017.

Med helsing

Christian Rekkedal  
leiar i interimstyret  
Tlf 99 69 23 02  
[christian.rekkedal@eninvest.net](mailto:christian.rekkedal@eninvest.net)

Stein Mortensbakke  
leiar i Førde skyttarlag  
Tlf 97 05 22 33

Kopi per e-post til:

- Førde kommune v/ Trond Ueland
- Grunneigarane i Vasslia (Ståle Haugen, Ole Johnny Warvik og Turid ilstad)
- Hovudstyret for LS-2017
- DFS v/ Jarle Tvinnereim